

Fra: Andersen Åge <age.andersen@vegvesen.no>

Sendt: 23. juni 2014 11:01

Til: Anngunn Gullbrå

Emne: Fylkesveg 248 til lo - Retting av grense gnr 43

Oppfølgingsflagg: Følg opp

Status for flagg: Flagget

Meland kommune

v/Anngunn Gullbrå

Vi viser til brevet dykkar som gjeld krav om retting av grenser for fylkesveg 248 til lo og dei tre eignedomane 43/13, 43/84 og 43/85.

Fylkesvegen er bygt etter veglova av 1938. Minste avstand for grensa mot vegen er soleis 2,5m. I tillegg skal fylling og skjering ligge til veggrunnen. Etter det eg kan sjå på kotekartet kan her vere både fylling og skjering. Grensa mot vegen er ikkje oppmålt. Dersom grensa mot vegen skal målast opp, må dette gjerast som oppmålingsforretning over eksisterande grenser.

Fylkesvegen er her ikkje registrert med eige bruksnummer. Men vegen er registrert med bruksnummer 106 frå riksvegen og eit stykke opp Eiklandsvegen. Bruksnummer 106 kan soleis rettast til å gjelde heile fylkesveg 248. Dette var også meininga då registreringa vart gjort, truleg i 1994.

Med helsing
Åge Andersen

Seksjon: Eignedomsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN

Telefon: +47 55516202 **Mobil:** +47 48072802 **e-post/Lync:** age.andersen@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?